

Inst i øyra

Huldrehøyrespel

Mål: Elevane skal laga enkle høyrespel og dramatiseringar, og kunne noko om korleis tekstlar kan forsterkast ved hjelp av musikk og song og gjennomføre opptak med lyd.

- ❖ **Lag eit høyrespel av *En halling med kvannerot* av Per Chr. Asbjørnsen**
- Kanskje kan de framføre det i Radio Hallingdal?



Det var Andreas W. Grøtting som fortalde Asbjørnsen om *En halling med kvannerot*. Han var presteson og levde mykje av barndomstida si i Ål. Seinare budde han andre stader og tok berre av og til turar attende til barndomsbygda. Han var ein stor naturelskar og kjende ei sterk tiltrekning til bondelivet og bondekulturen. I lag med svogeren sin laga han ei ordsamling frå hallingmålet som Ivar Aasen fekk stor nytte av. Grøtting vart besteven med eventyrsamlaren **Per Chr. Asbjørnsen**.

Det tilfanget av folkeminne som Asbjørnsen samla på ferdene sine, og som ikke høyrde heime i eventyrsamlingane, fekk plass i **Norske Huldre-Eventyr og Folkesagn** som utkom i 1845 og i 1848.

Når Asbjørnsen fortel segner, set han dei inn i ei ramme. Han dreg til dømes på fisketur i Nordmarka og treffer folk som fortel. Dette var typisk for romantikken; bymennesket som gir seg ut i naturen og møter folket og kulturen deira der. Han kunne også sita i kjøkenet i eit velstandshus og lytte til folk som kom innom.

I rammeforteljingane skriv Asbjørnsen nesten dansk, i eit tradisjonelt bokspråk, slik det var vanleg på den tida. Når han attfortel sjølvne segnene, skiftar han stil og let folk prate dialekt. Slik vart samlingane til Asbjørnsen eit **språkleg nybrottsarbeid** etter 1814.

En halling med kvannerot foregår i Asbjørnsen si eiga stove, der han ein vinterdag får besøk av ein halling som sel **kvannerot** på dørene. Asbjørnsen oppfordrar han til å fortelje historier om huldra, og hallingen fortel om tre hendingar tanta hans har fortalt han. Stoffet er gitt att i lydrett hallingmål, og er eit tidleg eksempel på trykte tekstlar på dialekt.

Ei **hulder** er eit vakkert kvinnemenneske som lokkar med seg menn inn i skogen. Ho har hale som ei ku og langt, vakkert hår. Huldra blir gjerne rekna gjerne som ein av de underjordiske.

Dei **underjordiske**, (huldrefolket eller haugafolket) var skapningar som folk trudde at levde under jorda, i haugar, berg og steinar; ofte nær gardane og stølane til menneska.

Les
huldreeventyret
i **Norske
huldreeventyr
og folkesagn**
s. 80-87 i
1995-utgåva.

Merknad [G1]: Etter 1850 arbeide Asbjørnsen som naturforskar og forstmester.

I Aal Bygdesoge II står det at han reiste ikring på stølane i Ål og Hol i 1869, for å lære folk korleis dei kunne nytte torv til å fyre med. I lag med ein fylkesagronom gjekk han ruta frå Lauvdalen over Reine, Tvist, Vallidn, Djup og vidare til Hol..

Merknad [G2]: Fjellkvann var ei plante som vart mykje brukt i mat, medisin og brennevin. Den vart også kalla angelikarot. Urteplanta vart dyrka på mange fjellgardar og har gitt namn til mange stader, t.d. Kvanneberg.

- ❑ Dei viste seg ofte som små, gråkledde skapningar. Huldra var eit unntak, ho var ei vakker og storvakse, ung kvinne.
- ❑ Dei kunne plage og forfølgje menneske, spesielt viss folk krenka rettane deira. Det kunne vera forureining frå fjøs som seig ned i stovene til dei underjordiske, vaskevatt som vart slått ut på bakken, eller at **stølar ikkje vart fråflytta i tide om hausten**.
- ❑ Dei kunne stele menneskebarn, og etterlate sine egne i staden.
- ❑ Om menneska respekterte og hjelpte dei, kunne dei underjordiske vera til hjelp og støtte.

En halling med kvannerot

Rammeforteljing

Asbjørnsen, forteljarstemme:

En dag efter markedet i vinter satt jeg med min pipe og leste i en bok foran den åpne ovnsdøren, mens jeg kveget meg ved varmen som strømmet ut i værelset fra det friske bålet i den gamle kassen. Været var nemlig så kaldt at man kunne ha lyst til å krype inn i ovnen, og i værelset mitt hadde solen knapt formådd å fordrive februarfloraens isblomster fra vindusrutene. Det banket på døren, men det var ingen alminnelig banking; ikke noen enkelt bøyd kno frembrakte denne lyden; det var et gjentatt slag av en knyttet neve med lovott på. Jeg gjettet forgjeves på hvem det kunne være som meldte seg på en så eiendommelig måte. Før jeg hadde sagt "kom inn", ble døren åpnet, og inn gjennom den steg en gammel bonde i hallingdrakt, med faste sikre skritt. Den klingende kulden hadde rimet det grå, tottete, lange håret og bustete skjegget hans; men kulden syntes ikke å være ham til plage, for en sid kofte og vesten, som bar spor av at den en gang, da den ennu eide farve, hadde vært blå, sto åpen og viste den bare, hårrike bringen. Hans muskelfulle, men temmelig krumbøyde underlemmer var dekket med store knebukser og grå snesokker. På føttene hadde han sko av ugarvet kuskinn. En rød halsklut, et par store lovotter og en saueskinns lue fullendte klededrakten, som bar likeså tydelige spor av værets og tidens virkninger som ansiktet, og det så helt læraktig ut. I hånden bar han et stort knippe angelikarot.

Peiseld/bål: Hald litt cellofanpapir inne i handa ved mikrofonen og krøll papiret sakte i handa.

Banking på døra med ein knytta neve med lovott på.

Døra opnar seg før Asbjørnsen får sagt "Kom inn".

Faste sikre skritt: Har han snø under skoa? Ha potetmjøl i ein plastpose og lag "fotsteg" ved å klemme rytmisk på posen.



Hallingen: *Gu dag, takk for sist; no ha me et finnt vær.*

Han tek av seg lua og vottane. Det kan de få fram ved å leggje inn ein ekstra replikk.
- E får ha tå me huva å våttudn



Asbjørnsen: *Det var pokker, kaller du dette fint vær?*

Hallingen: *Ja misant æ dæ ei forskrekkjilé kjøld me hava no um dagadn.*

Han legg sakene sine frå seg på ein stol. Ein ekstra replikk kan vera:
- Kansi kan e leggji ifrå me på stolen hær.
Han varmar dei store nevane ved ilden.
LYD: Han gnir hendene mot kvarandre og dreg inn luft mellom samanbitte tenner, det knitrar i omnen.

Asbjørnsen: *Så du synes det er koldt likevel? Men det er sant, du er kanskje fra Hallingdal?*

Asbjørnsen, forteljarstemme: Jeg husket plutselig at uttrykket om det fine været var en talemåte som velanstendighet byr at man skal begynne enhver samtale med i flere av fjellbygdene.

Merknad [G3]: Som høfleg framferd tilseier.

Hallingen: *E æ so ja, rettigt nok du! E æ or Ålsgjeld i Hallingdal; - du kan væl inkji ha sett me forr kanskji? E ha no faré mykjy ut på bygdo - ja misant! Du ska'kji handle tå me noko kvannerot i dag - rettigt tå den beste?"*

Merknad [G4]: Frå prestegjeldet Ål.

Asbjørnsen, forteljarstemme: Han uttrykte seg overvettes omstendelig, slik så mange gjør i dalstrøket han var fra.

Asbjørnsen: *Jeg har ikke bruk for den; den brukes jo til å sette på brennevin, og det drikker jeg sjelden.*

Hallingen: *Drikk du 'kji brænevin? No då! E tikji no dæ æ kar få se ein dram fastand, når dæ æ kalt i værè. Dæ ska væra mange, ha e høyr t gjeté, som ha tikji se te drikke bærre vatn: å ja, dæ kann so væra - dæ æ no inkji meir påkosta dæ, dei kunne då berre gå burti grové, so hava dei sitt fornøæn; men dæ bli troll i turre sumra. Ellest kan du nok kjøpe tå me noko rot lell, for o æ velbehagelig å tyggjy å overmâtelé bra for magarev å atskjilige sjukdomma."*

Merknad [G5]: Slå opp på "fastann" i *Me og uss, de og dikko.*

Merknad [G6]: Slå opp på "håyræ jete" i *Me og uss, de og dikko.*

Merknad [G7]: Slå opp på "grov" i *Me og uss, de og dikko.*

Merknad [G8]: Det dei treng, det mest nødvendige

Merknad [G9]: Det bli håplaut i turre sumrar, for då er det ikkje vatn i bekken.

Merknad [G10]: Kolikkmerter i magen.

Merknad [G11]: Utanomsnakk

Asbjørnsen, forteljarstemme: Jeg kjøpte noen kranser av ham for å få ham til å bli en stund, bød ham sitte ned og varme seg litt ved ovnen, og ba ham uten omsvøp fortelle meg noen eventyr.

Hallingen: *Om haugatroll ell' so, meinte du? Hatt'du moro te høyre om slikt? E tru'kji e æ go te minnas noko no; ellest kunne e væl ha høyr t ænkort for lang ti sea. Ein bli så stutthugsén, når ein bli gammal, ja men bli ein so, ja! Men e kunna vel sea de tå, koss dæ bar te, då 'n Håkun Haukeli smorde åv ølleve eikerværinga i Branesvegji ei gång.*

Merknad [G12]: Slå opp på "ænkort" i *Me og uss, de og dikko.*

Merknad [G13]: Gløymer fort.

Merknad [G14]: Å smørja til nokon er det same som å klabbe til nokon (slå). Smorde åv → slo ned.

Merknad [G15]: = elleve (11)

Merknad [G16]: Branes → Bragernes (ein eigen by før 1811, seinare ein del av Drammen)

Asbjørnsen: *Det kunne være morsomt nok; men kan du ikke heller se å komme i hug noe om huldren og de underjordiske?*

Hallingen (tenksam): *Ja, dæ va no dæ, la me sjå, jau, no kjem e i hug noko, som e ha høyr t tå'n mosyst mina om slikt som du meina. Dæ va på Nysætstolé, ja du veit væl inkji, kor Nysætstølen æ du?"*

Merknad [G17]: Slå opp på "mâ-syste" i *Me og uss, de og dikko.*

Asbjørnsen: *Det vet jeg, den ligger jo i nærheten av Nysætknippen. Da jeg besøkte Hallingdal for en ti år siden, var jeg oppe der også.*

Hallingen (fornøyd): *Nei, ha du våré der?*

Asbjørnsen, forteljarstemme: Den gamle var fornøyd over at jeg var kjent i hjembygden hans.

Hallingen: *Ja so då! Du va væl på Nysætknippé mæ då? Der såg du vidt du! Ein ser væl burt på Hallingskarvé, Skogshodn, å mangfoldige fjell imot Valdres. Kanskji du gjikk etté rjupu? Veia du mykjy?"*

Merknad [G18]: Å veide = å jakte

Asbjørnsen: *Jeg var på rypejakt, som du sier; jeg fikk også noen ved Nysætknippen, og fra toppen av den så jeg vidt ut over alle fjellene der oppe; men glem nu ikke det som du kom i hug, det som du hørte av moster din på Nysætstølen."*

Hallingen: *Ja, dæ va so dæ ja - rettigt nok du, ...*

Fyrste segna

...dæ va ho gamle Birgit Sandehusé, mosyste mi.....

Her kan de bruke musikk til skapa ein overgang, inn i ei anna tid og ein annan stad. Kva med ei stemme som godsnakkar med kyrne medan ho mjølkar i spannet? Så kan ho Birgit overta historia, ho kan fortelja. Ein annan kan spela ho Birgit; stønne, gispe, prate ved seg sjølv.



Mosyste Birgit fortel:.....E låg på Nysætstølé ei gång mea e va jente.

Dæ va langt på hausté, men me totte dæ kunne væra bra å sita på stølé enno eitt bel, forr dæ va finnt vær og gildt beite endå i fjellé. So va dæ ein kveld då, som e va eismal på støle; e tvelte me då att dæ kunna koma enkort te me, å for å væra hugheil meinte e, so tok e ein nabb å slo affor døré, forr e la me.

Merknad [G19]: Slå opp på "tikja" i *Me og uss, de og dikko.*

Merknad [G20]: Ei stund

Merknad [G21]: Einsleg

Merknad [G22]: Slå opp på "tvele" i *Me og uss, de og dikko.*

Merknad [G23]: Trygg, sikker.

Merknad [G24]: Slå opp i *Me og uss, de og dikko.*

Merknad [G25]: Slå opp på "affar" i *Me og uss, de og dikko.*

Ein trepinne blir slått i veggen for å stenge døra. Med ein stein? Eit kjøvle?

Då e hadde ligji ei stund, sprang døré upp.

Ei dør spring opp: Kan døra knirke og slå inn i ytterveggen?



Detta syntes e var artigt, laut då upp or sengen å sette nabben atti, måveta;

Me må høyre at ho Birgit er redd: Ho trekkjer pusten, gispar...
Så sprett ho opp for å seta i trepinnen att: Nakne føter på tregolv? Birgit stønnar når ho dunkar inn att nabben.



Merknad [G26]: Snodig, merkeleg.

Merknad [G27]: Slå opp på "ljøtæ" i *Me og uss, de og dikko*.

men dæ vara 'kji lengji, so datt nabben ut att. No tok e te undras koss detta kunne ha se,..

Det same skjer igjen: Nabben dett ut og ned på golvet.
Birgit kvekk: Ho trekkjer pusten, gispar...
Ho står opp av senga att, denne gongen meir bestemt.



Unge Birgit pratar ved seg sjølv: *E ska saktens få de te sita! E kan slå de mæ øksehamar'n hass far. Dæ ska bi urå få de ut att! (Ho slår og stønnar.)*

Mosyste Birgit fortel: Å jau, dæ vart nok endå rå te få'n ut, ska e tru! Dæ va 'kji meir ell' so e va ve skull sobdne atte....

Merknad [G28]: Slå opp på "såbnæ" i *Me og uss, de og dikko*.

Hallingen kommenterer (ei stemme langt borte): *Å dæ æ no 'kji so lengji forr gjentudn sobdne, når dei inkji hava guta hjå se.*

Mosyste Birgit fortel:så flaug nabben or, å døré upp så dæ skrala;

Døra spring opp: Knirkar og slår inn i ytterveggen.



å so hørde 'o koss dæ tuste kring alle røna i buen mæ atskjilig læte, so dæ va reine spøkjilé.

Merknad [G29]: Preteritum av å tysja = å rasle, rumle
Dome: Dæ tusstæ småfant kor 'n såg.

Merknad [G30]: Slå opp på "ron" i *Me og uss, de og dikko*.

Merknad [G31]: Slå opp i *Me og uss, de og dikko*

Rasling og rumling: Nokon held på å rigge seg til i bua, flyttar inn med alle sakene sine. Me høyrer pusten til Birgit. Ho er så redd at ho nesten gret.



Mosyste Birgit fortel: E kunna ingjin ting sjå, å værmen va no mest sløkt på årén mæ; men då vart e so reine forfæld, so e mest va ve uveta, forr e skjønste dæ mått' væra haugafolke, ja mi sant va dæ dei, som voro ute, dæ va dæl!

Merknad [G32]: Ei åre = ein eldstad

Merknad [G33]: Slå opp i *Me og uss, de og dikko*

Her kan de markere overgangen frå ei historie til ei anna med passende musikk eller lydar.

Andre segna

Mosyste Birgit fortel: So va dæ ein dag trast etté, e gjætte kjydn burtundé Nysætknippé.

Merknad [G34]: Slå opp i *Me og uss, de og dikko*

Unge Birgit lokkar på kyrne: Kom kyre! No må de koma då – kom, kom...fine kyre, no må de koma....

Mosyste Birgit fortel: Rett so dæ va, fekk e høyra gampa som kneggja, kjy som rauta, bjelleskrammel å gjentu som svalla å leto på lur å prillahodn, plent som når dei buføre.

Merknad [G35]: Slå opp i *Me og uss, de og dikko*

Merknad [G36]: Slå opp på "låtæ" i *Me og uss, de og dikko*

Merknad [G37]: Slå opp på "prillar-häddn" i *Me og uss, de og dikko*

Merknad [G38]: Slå opp i *Me og uss, de og dikko*

Kan hende må de på ein gard for å gjera opptak. Det går ganske bra å spela av opptaka på ein høgtalar framom mikrofonen, berre den står ganske nær og har styrken regulert riktig. Lur og horn er det folk i bygda som spelar. Kanskje kan de lære noko av dei?



Mosyste Birgit fortel: E stirde kringum me på alle kanta, men såg korkji folk ell' krytyr, so e kunna nokk veta att dæ mått' væra haugafolke som kom med bølgingen sin te stólé.

Merknad [G39]: Buskap, dyr.

Hallingen: *Ho skunda se drive krytyré heim att, å sa tå ve hine ko ho hadde fornåmé. Så snugga dei se te buføre på heimesætern då, for dei tålde no 'kji drygjy lenger på langstólé; dei voro rædde, at haugafolkji skull bli ille, når dei soto over tié, sér du."*

Merknad [G40]: Slå opp i *Me og uss, de og dikko*

Merknad [G41]: Preteritum av å fornema = ha ei kjensle av, ane

Merknad [G42]: Slå opp på "snuggæ" i *Me og uss, de og dikko*

Merknad [G43]: Slå opp på "haimstól" i *Me og uss, de og dikko*

Merknad [G44]: Preteritum av å tålæ = å tore

Merknad [G45]: Slå opp i *Me og uss, de og dikko*

Merknad [G46]: Slå opp i *Me og uss, de og dikko*

Merknad [G47]: Slå opp på "sita" i *Me og uss, de og dikko*

Merknad [G48]: Området.

Merknad [G49]: Samling av folk og krøter.

Rammeforteljing

Asbjørnsen, forteljarstemme: Jeg voktet meg vel for å forstyrre gamlingen i hans tro ved en meget naturlig forklaring av den historien, han sist hadde fortalt. Etter mitt kjennskap til dalene, dekkene og de bratte høydene i egnen, skjønte jeg at en buferd på hjemvei hadde dradd gjennom en av smådalene lenger vekk, slik at lyden av knegging, rauting og bjellelåt, pikenes tale, lokk og lur ikke umiddelbart hadde nådd Birgits øre, på grunn av høydene og bakkene imellem, men var kastet tilbake fra Nysætknippens bratte sider, og da hun ingenting kunne oppdage, hadde hun trodd at det var huldren. Jeg oppfordret ham til å fortelle flere historier fra stølen.

Hallingen: *No høyré ein mest alder at nokon fornæm dei underjordiske, dæ må væra fordi folke inkji trur viar på dei lenger; å ja, dæ kann so væra! Men forr i tié va dæ'kji so sjelda att dei både høyrde og sogo dei; jamen sogo dei då, dæ va endå likt te dæ.*

E ska fortælja dæ ko som hendte gomo henne Birgit ei gång, ho skull buføre heim om hausten; dæ va snodigt nok dæ mæ.

Tredje segna

Her kan de bruke musikk att, for å skapa ein overgang, inn i ei anna tid og ein annan stad. Så kan gommo hennar Birgit overta historia, ho kan fortelja.

Gommo hennar Birgit fortel: Då e hadde kocht bufargrauten om morgon den dagen me skull' reise, sette e 'n uppå buatakji, slik att 'n skull' kálne; men då me skull' snugge uss te å me la kløvjadn på gampadn, va e no so annsam då, måveta, at e gløymde grauten å kómm 'n 'kji i hug, forr me voro komme eit stykjy på heimveggi.

Lydar frá hest og travle stemmer:

- Kan du sende mæ.....
 - Gå inn ette....
 - Stå role no Blakken....
 - Då æra me væl klaræ
- Dei smattar for å fá hestane til å gå.



Merknad [G50]: Bli kaldare.

Merknad [G51]: Slå opp i *Me og uss, de og dikko*

Merknad [G52]: Ei kløv – fleire kløvja
→ sal til å feste bør i på ryggen av ein hest

Merknad [G53]: Travel, opptatt.

Merknad [G54]: Må du vita.

Gommo hennar Birgit fortel: Då snudde e att for å taka grauten med me; men som e kom attende, va 'n burte. E leitte å leitte både høgt og lågt; men dæ va ingjin graut.

Ei kvinne pratar ved seg sjølv:

- *E settæ 'n no bestemt her uppe på takji, no sjøna e injinting*
- *Inne på kjøkenbenkji sto'n hælde inkji*
- *Dæ e'kji an rá ænn å snu, me må klaræ uss utta graut*

Gommo hennar Birgit fortel: Då e so va ve vende att, vart e vare ein grå sau, som sigla fram og attende på vollé.

Sauebjele

Dæ va ein fræmmansau som e inkji kjende, stor og vén, mæ ull så langt att 'o hekk ratt ned åt marken - ja dæ gjorde 'o, og e totte e hadde alder sett so gild sau forr.

Ei kvinne pratar til sauen + sauebjele

- Du høyræ nok te hjå haugafolko, du
- Dai ha tikji grauten og gjevæ me de i bytte
- Du får bi mæ me heimover no

Kvinna ropar: Takk for byté!

Ekko: Takk for byté!

Merknad [G55]: Sigglæ = springe

Merknad [G56]: Presens av å hange (henge).

Hallingen: *Sjøl takk for byté, " svara dæ burti hallé.*

Merknad [G57]: Ei hall = ei skråning.

Rammeforteljing

Asbjørnsen, forteljarstemme: Den gamle satt ennu en stund og fortalte om fjellene oppe i Hallingdal, om ryper, om gauper, om fjellras og bjørner; han hadde vært skytter i sine yngre dager. Men om huldra og haugefolket visste han ikke mer. Alderdommen hadde gjort ham så stutthugsen, sa han.

Avslutt med "huldre-musikk"

Andre aktuelle tekstar de kan laga høyrespel av:

- *Rakafisken og andre historier* av Paul Breiehagen
- De kan også skrive om ein kjend eventyrtekst til hallingmål.

På nettadressa
<http://www.dialektperten.no/>
Kan de finne nyttige tips om
lydopptak under kapittel 5:
Bli med på dialektdugnad

Kjelder:

Peter Christen Asbjørnsen: *Norske Huldreeventyr og folkesagn*, Damm 1995
Helge Fonnum: *Aal bygdesoge 2*, Mariendals Boktrykkeri 1952-69
Kjell Venås: *Hallingmålet*, Det Norske Samlaget 1977
Kjell Venås: *So sea me her*, Boksmia 1997
Ål og Torpo Mållag: *Me og uss, de og dikko*, 2005

<http://no.wikipedia.org/wiki/Wikipedia:Velkommen>
<http://fuv.hivolda.no/prosjekt/fuvbrynh/ordAC.htm>
<http://www.aa-arkivet.no/Urter/kvann.htm>